

Myrkdalen—ein ny reiselivsdestinasjon?

Arbeidet med fyrste fase er i gang

Her finn du info:

På nettsida www.myrkdalen.org vil det bli lagt ut informasjon om prosessen etterkvart.

Dersom du ynskjer å koma med innspel eller tips til planarbeidet, så ta gjerne kontakt med Nils Akselberg:

E-post:

nils@vossfjellandsby.no

Telefon:

56531033

Styringsgruppa som jobbar med utviklingsplanen for Myrkdalen har no hatt to møter, og tredje møte vert 30.juni. Det har vore ein hektisk prosess for å kunna koma med innspel innan fristen til kommunen 15.juni. Eit planområde som omfattar heile Myrkdalen er no overlevert kommunen.

Poenget med å ta med heile dalen i planområdet var å sikra alle grunneigarane i dalen like moglegheiter for utbygging. Kommunen har tidlegar avvist mindre enkeltprosjekt i påventa av at ein heilheitleg plan for utbygging er på plass. Dette arbeidet er no godt i gang i følgje prosjektleiar Ragnhild Kvern-

berg frå Re-Plan.

Fredag 30.juni vert det synfaring med helikopter for å planleggja alpine nedfartar. Utgangspunktet for planen no er at styringsgruppa skisserer kvar det er optimalt å leggja ulike utbyggingsområde, aktivitetsområde og andre funksjonar, så vert det sjølv sagt opptil kvar enkelt grunneigar i området å ynskja å ta del i utbygginga eller ikkje, seier Ragnhild Kvernberg.

Bakgrunn:

Arbeidet med ein utviklingsplan for Myrkdalen vart sett i gang med utgangspunkt i kravet frå Voss Kommune om ein heilheitleg plan

for utbygging i Myrkdalen. Voss Utvikling fekk i oppgåve å dra i gang og leia denne prosessen.



Utviklinga i reiselivstilbodet i Myrkdalen går stadig framover. Her er det kanefart.

Nyttige adresser:

Re-plan.no

Voss.kommune.no

Saker av interesse:

- Styringsgruppa i utviklingsplan for Myrkdalen skal ha tredje møte fredag 30.juni
- Satsing på varme senger, dvs utleigesenger er grunnlag for ein levande dal med mange arbeidsplassar. Dette er også i samsvar med dei innspela som har kome for vidare utbygging.

Styringsgruppa er samansett slik

Styringsgruppa er breidt samansett basert på innspela frå Myrkdalen til kommunedelplan for hytte-bygging i Voss Kommune.

Medlemene i styringsgruppa:

Frå Skjervheim/Mørkve:

Paul Kyte, Kjetil Skjervheim, Lars Kn Mørkve

Bygardslø Grunneigarlag: John

Ivar Norheim

Samstyret for laga i Myrkdalen: Jorunn Hirth

Voss Utvikling: Nils Akselberg

Bergen Reiselivslag: Ole Warberg

Hordaland Reiseliv: Bjørn Myhren

Reiselivsplan for Voss:

Per Berge

Prosjektleiar: Ragnhild Kvernberg, Re-Plan

Observatarar: Dagfinn Alstadsæter (Innovasjon Norge), Per Steinar Nedkvitne (adm.) og Gunn Berit Lunde Årvik (politisk) frå Voss Kommune.